OPPGRADERING: *Vestland fylke presenterer no ein tiltakspakke for tre tunnelar på denne strekninga.* **FOTO: ARNE VEUM**

No blir det lys i tunnelane: – Eit stort løft for tryggleiken

AURLAND: Led-lys i taket, fjellreinsk, oppgraderte stoggskilt, nye kablar og naudtelefon.

KAI MARTIN BREKKE
kmb@sognavis.no

Dette ligg i tiltakspakken Vestland fylke no presenterer for dei tre lengste tunnelane på fylkesveg 50 Hol-Aurland.

– Målet er å vera ferdig før nyttår, seier Sigbjørn Rabbe, leiar elektro for infrastruktur i Vestland fylke.

Etterlengta løft

Tryggleiken på denne fylkesvegen har lenge vore eit heitt tema. No kjem tiltaka.

– Oppgraderinga har lege og venta lenge, men no er me snart i gang, seier Rabbe.

Han fortel at det alt er bestilt fjellreinsk i Stundal, og nye led-lys som skal installerast i Lange 2, Stundalstunnelen, Berdalstunnelen og Nesbøtunnelen.

– Me startar reinskinga før ferien. Etter at den jobben er ferdig, startar arbeidet med å installera lysa. Det skjer nok ikkje før på hausten ein gong. Truleg i september, kanskje ikkje før oktober. Me håpar også å få inn naudtelefon. Det er ein større jobb som må ut på anbod og vil ta litt tid, seier han.

Informasjonsskilt

I tillegg vil det bli lagt ein ny type kabel gjennom tunnelane.

– Denne er dobbelt isolert for å hindra jordfeil som har vore problemet som har hindra lys i fleire år no, seier Rabbe.

– Og har fleire tiltak på lur.

– Det vil koma nye skilt utanfor tunnelane som tydeleg varslar om steng tunnel og arbeid i tunnelen. Desse blir fjernstyrte. Primært frå Vegtrafikksentralen, men også av lokale naudetatar, seier Rabbe.

Vanskeleg

Tiltaka som no skal gjennomførast følgjer ikkje forskrifta fullt ut.

– Dette er ein strekning som er bygd som anleggsveg, og det er utfordrande og vanskeleg å sikra tunnelane som ein ny tunnel. I staden for å venta på løyvingar til full utbetring, som kunne teke lang tid, har me valt å setja i gang tiltak som løftar tryggleiksnivået i tunnelane veldig. Ei vidare utbetring vil bli vurdert etter kvart, seier Rabbe.

Millionar

Arbeidet som snart vert sett i gang har ein kostnad på fem til seks millionar kroner.

– Dette er løysingar som er litt enklare enn dei strengaste krava. Skulle me gjera fjellsikringa fullt ut hadde det fort vore snakk om fleire titals millionar. Skulle ein følgt dei strengaste krav med havarilommer og ventilasjonsstyring ville summen endra på rundt ein halv milliard, seier Rabbe, og gjer det klart at arbeidet som skal gjerast er svært viktig for tryggleiken til trafikantane.

– Undersøkingar viser at det er område der store blokker, og område med små blokker, hovudsakleg av fyllitt., som kan rasa ut. No vil me ta ei risikovurdering om kva som bør sikrast først.

Blir stenging

– Kor lang tid er arbeidet forventa å ta, og må trafikantane bu seg på stenging og venting?

– Me reknar med seks til ni vekers arbeidstid for montering av lysanlegget, avhengig av løysing for trafikkavvikling. Det vert utført ei kostnytte-vurdering på om ein skal stengja på dagtid eller på natt. Ved dagstenging mellom 0800 og 1800 vil det bli lagt ei gjennomkøyring midt på dagen, seier Rabbe.

Ikkje ønskt alternativ

Litt fram i tid startar det store oppgraderingsarbeidet av den 25 kilometer lange Lærdalstunnelen, som kan medføra nattestenging av E16 i fleire år.

– Kan fylkesveg 50 bli brukt som eit omkøyringsalternativ?

– For oss er ikkje det ei ønskjeleg løysing. I alle fall ikkje for tunge køyretøy. Dette er ein smal, svingete og bratt veg, seier Rabbe. No håpar han dei nye tryggleikstiltaka som vil vera på plass i løpet av 2021 vil bli godt mottekne.

– Framfor å bruka fleire timar på å

Ellen Soph

LEIKANGER: For Ellen Sophie Sverdrup Rønningen (30) lokka sosialt miljø og flott natur. Dermed tok ho masteren med seg til Sogn.

RENATE SÆLE
renate@sognavis.no

– Eg var nyutdanna og såg på traineestillinga som ein fin inngang på arbeidslivet. Det inneber brei fagleg utfordring og komprimert læring, seier Ellen Sophie (30) frå Ski, no busett i Sogndal med jobb hjå Statens vegvesen i Leikanger.

Ellen Sophie var ikkje ukjend med Sogn – ho har studert i Sogndal før ho tok master i ingeniørgeologi på NTNU i Trondheim. No er ho attende- i ein bransje som kjempar om slike med hennar fagkunnskap.

Varierte byggjeprosjekt

– Eg blei plassert på hovudbasen i prosjektavdelinga som det då heitte og fekk vera med på ulike ting. Både tidleg fase i byggjeprosjekt til korleis prosjekta blir styrt og den politiske biten av det heile. Eg fekk også godt innblikk i drift og vedlikehald, samstundes hadde me fem traineear felles prosjekt.

Å vera student i Sogndal og å koma attende for å jobba, var ho innstilt på ville vera to ulike ting.

– Eg starta med å ta idrett årsstudium i Sogndal og mange av dei eg studerte med, er framleis i Sogndal. Det gjer at eg har eit stort nettverk i Sogndal, med mange frå studietida i omgangskrinsen.

Traineestilling blei fast jobb

No er den toårige traineeperioden over og det har fungert som eit springbrett- i dag har ho fast jobb i vegvesenet.

– Eg jobbar i staben på utbygging vest, som har base på Leikanger. Her jobbar eg som støtte og rådgjevar til prosjektsjefen, Kjartan Hove. Eg jobbar med ulike problemstillingar og mykje med nye teknologiar og verktøy.

Som oversikta nedst i saka viser, er det i Leikanger og Sogndal det er flest personar med høgs kule og universitetsutdanning.

– Opplever du det er rift om folk med din utdanningsbakgrunn?

– Både og. Eg trur at viss ein er open for å busetja seg mange stader i landet og ikkje er så låst, er det ganske lett å få jobb. Eg opplever stillingane til vegvesenet som attraktive.

Mange søkjarar, få kvalifiserte

Nils Magne Slinde, seksjonssjef i Statens vegvesen på Leikanger, har 29 namn på søkjarlista som trainee innan vegplanlegging no i vår. Men få av dei er kvalifiserte for jobben.

– No har me vore gjennom ein stor omorganiseringsprosess. Rekruttering har mindre fokus i ei omstilling, så me har teke inn færre. Dette kan gje eit signal om at det er færre jobbar i vår bransje, seier han.

Avdelinga hans på Leikanger treng ny vegplanleggjar, og har søkt etter dette gjennom traineeprogrammet til vegvesenet, som totalt skal ha 10 traineear på nasjonalt nivå no.

Beinhard konkurranse

– Her kunne nyutdanna innan master i vegplanlegging søkja. Det vil seia ingeniørar eller tilsvarande som har vegplanlegging i fagkrinsen sin.

Det er det få som har- av dei 29 Slinde har på søkjarlista, har fire søkjarar dette. To har allereie trekt seg fordi dei har fått jobb andre stader, opplyser han.

– Dette er ei kontinuerleg utfordring for oss. For få studentar satsar på faga me treng og me konkurrerer mot rådgjevingsbransjen og også fylkeskommunane. Det er stor rift om teknisk arbeidskraft, seier Slinde.

– Korleis er interessa for å arbeida hjå vegvesenet på Leikanger generelt?

– Tradisjonelt har me hatt god rekruttering, men me har ikkje nok erfaringsgrunnlag til å seia noko om rekrutteringa etter omorganiseringa. Det er stor aktivitet i sektoren, men det tek lang tid frå ein ungdom bestemmer seg for utdanning til han eller ho er klar til å gå inn i arbeidslivet. Sjølv om me har ein pandemi, har ingen prosjekt blitt stoppa, verken hjå oss eller fylkeskommunen. Behovet for arbeidskraft er ikkje redusert grunna korona.

– Kjem de til å ta inn trainee ut frå kandidatane de har fått no?

– Me skal ha intervju no i mai, så får me sjå, seier Slinde.

Følgjer trenden

– Variert arbeidsmarknad må til for å kunne tilby arbeidsplass

DEN STORE FOLKEVANDRINGA

Kvar flyttar folk til og frå, kvifor flyttar dei og kva konsekvensar får det kor folk i Noreg vel å bu?

«Den store folkevandringa» er eit samarbeidsprosjekt mellom lokalaviser organisert i Landslaget for lokalaviser (LLA), Senter for undersøkende journalistikk (SUJO) og NRK.

Saman lagar me journalistikk om flyttestraumane som endrar Noreg.

Sogn Avis deltek i prosjektet. Tips oss gjerne om du har innspel til saker om temaet på redaksjon@sognavis.no

å reisa til fine stader kvar helg, kan ein faktisk bu her:

hie valde karriere i Sogn



STUDERTE I SOGNDAL: *Ellen Sophie Sverdrup Rønningen kjende Sogndal som student, no er ho tilbake i fast jobb i Sogn.* **FOTO: RENATE SÆLE**

UTDANNING: *Figuren viser utdanningsnivå i dei ulike sognekommunane per 2020.*

for til dømes eit par som vurderer å flytta til ein stad. Jo meir variert arbeidsmarknad, jo meir attraktivt for ei større gruppe.

Det seier Ingvill Dahl ved Distriktssenteret. Ho viser til at folk ofte blir verande i nær avstand til studiestaden sin. Dermed er det ikkje overraskande at Leikanger og Sogndal ligg høgt med tanke på utdanningsnivå.

- Dei kommunane ligg også på landstoppen med tanke på statlege arbeidsplassar per innbyggjar.

At traineeordninga førte til fast jobb i Statens vegvesen for Ellen Sophie følgjer trenden:

- Me ser at busetnadseffekten av regionale traineeprogram er stor. Unge, ferdigutdanna blir traineear for å testa ut jobb og plassen å bu. Då ser me at mange traineear blir buande. Det som trekkjer er draumejobben for kandidaten. Og den kan finnast i distrikta, trass i at mange unge ikkje trur den gjer det, seier Dahl.

10 prosent har Sogndal som arbeidskommune

Kandidatundersøkingar frå Høgskulen på Vestlandet, gjennomført av Studentsamskipnaden på Vestlandet, viser at 32 prosent av studentane som studerte i Sogndal i 2018, arbeider i tidlegare Sogn og Fjordane.

Vel 26 prosent av desse kandidatane arbeider i tidlegare Hordaland. Vestland er på topp i høve arbeidsfylke etter enda utdanning, nær 59 prosent jobbar i Vestland.

Vel 10 prosent av dei som studerte i Sogndal, har per 2020 Sogndal som arbeidskommune.

Kva skal så til for at Ellen Sophie blir verande i Sogn med kompetansen sin?

- Godt miljø for unge

- Det sosiale betyr ein del, men også gode moglegheiter for å utvikla seg på jobb og godt arbeidsmiljø. Alle friluftsaktivitetane eg kan driva med her betyr mykje. Det er eit veldig godt miljø for unge, og eg opplever det som lett for nye innflyttarar å koma inn i miljøet.

Ho er opphavleg frå Ski og det er eit godt stykke til familie og kjende. Samstundes var det enno lenger då ho budde i Trondheim.

- Eg kjenner meg veldig heldig som kan bu på ein stad fleire må bruka mange timar på å reisa til kvar helg. Nokre timar i bil i ny og ne er dermed heilt uproblematisk.